

# SKRIFTEN PÅ VEGGEN

FREDDIE LANGRIND

Skremmande å sjå folk med ansiktsmaskar i verdas byar

Em/B Em/D Em/B A7 D F#7 Bm/F#

Sjå skrift-en på veg - gen ta - lar

9 G Gm6 D D F#7 Bm/F#

— eit språk som vi godt for - står, at klo-den vi fekk å plei - e

17 G Gm6 F# Gm6 Em7 F#7

— har skram-mer og hjar - te - sår. Når luf - ta er tung å pus - te

25 E E7 A7 D F#7

— mens skog - a - ne hog - gast ned har no - ko gått galt med

Bm/F# G Gm6 D

32 plan - en vi had - de for lei og led.

Sjå skriften på veggen talar / eit språk som vi godt forstår,  
at kloden vi fekk å pleie / har skrammer og hjartesår.  
Når lufta er tung å puste / mens skogane hoggast ned  
har noko gått galt med planen / vi hadde for lei og led.

Men somme har sagt at verda / vil leve sitt eige liv,  
om vi hogger ned ell' ikkje / er berre eit telehiv,  
ein dump som slo ut på vegen / i framtida som vi strekk,  
det handlar om lange liner / for istider kom og gjekk.

Her er desse lange liner / og dagane bitte små,  
men teikna som speglar tida / er tydelege å forstå.  
Så la oss da trekke saman / forvissa på kvar vår veg  
og gi våre skjerv til kloden / før istida melder seg.